

**KONTROLLUTVALET I  
STORDAL KOMMUNE**

**MØTEBOK**

Møtedato: 24. mars 2015, kl. 15.00

Møtestad: Stordal Rådhus

Møtet vart leia av: Ingrid Løset

Elles til stades: Jonas Falch og Roger Lillebø

= **3 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Harald Rogne.

Frå kommunerevisjonen møtte dagleg leiar Kjetil Bjørnsen.

Frå Stordal kommune møtte ordførar Charles Tøsse og rådmann Per Ivar Lied.

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Det kom opp 2 saker under eventuelt.

**SAK 01/15**

**GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 24. NOVEMBER 2014**

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Møtebok frå møte i kontrollutvalet 24. november 2014 blir godkjent.

**SAK 02/15**

**OPPFØLGING AV TIDLEGARE SAKER OM TILSYNSRAPPORTAR I STORDAL  
KOMMUNE**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 18.03.2014.

Rådmannen ga først ei generell orientering. Det vart opplyst at arbeidet med å følgje opp tilsynssakene og kommunestyrevedtaket om det same var godt i gang. Han orienterte også om tilsyn frå Arbeidstilsynet på slutten av året 2014 og at fleire av dei avvika som kom fram i dette tilsynet no er lukka, men at det arbeidet ikkje er ferdig. Ei nytt system for oppfølging av avvik er under innføring i kommunen.

Etter den generelle orienteringa fremma leiar forslag om å lukke møtet med visnad til kommunelova § 31 nr. 2 og forvaltningslova nr. 13 om lovbestemt teieplikt for personopplysningar. Lukking av møtet vart samrøystes vedteke.

Rådmannen orienterte deretter om tiltak retta inn mot pasientar og bebuarar, kontakt med hovudtillitsvalde og pårørande.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

1. Kontrollutvalet ber om å bli fortløpande orientert om det vidare arbeidet med å utvikle gode tenester i kommunen
2. Kontrollutvalet tek forøvrig saka til orientering.

**SAK 03/15**

**OM RUNDSKRIV DATERT 30.01.2015 FRÅ KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENTET OM FOLKEVALDE SI TEIEPLIKT VED LUKKING AV MØTE**

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 18.03.2014.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

**SAK 04/15**

**OPPFØLGING AV POLITISKE VEDTAK**

(Saka kom opp under eventuelt)

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet vurderer oppfølging av politiske vedtak som ei prioritert oppgåve i det vidare arbeidet.

**SAK 05/15**

**OM HABILITET I ADMINISTRASJONEN**

(Saka kom opp under eventuelt)

Det vart stilt spørsmål omkring internkontrollen med utgangspunkt i at rådmann og teknisk sjef er brødre. Det vart opplyst at ein var bevisst problemstillinga og at ordførar måtte ha ei rolle m.a. ved tilvising av rekningar.

**Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:**

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

Det vart til slutt i møtet stilt spørsmål om når årsmelding og rekneskap ville ligg føre. Det vart opplyst at Dette arbeidet ikkje var i rute sett i forhold til fristane.

Ingrid Løset  
leiar  
(sign.)

Jonas Falch  
nestleiar  
(sign.)

Roger Lillebø  
medlem  
(sign.)